



MØTEBOK

Forskrift om gebyr i byggje-, plan-, seksjonerings-, matrikkel-, landbruks-saker og saker etter veglova 2025 - på høyring

Utval sak	Utval	Møtedato
79/24	Formannskapet	25.09.2024

Vedlegg:

- 1 Forslag til forskrift om gebyr 2025
- 2 Forskrift om gebyr 2024

Bakgrunn:

Fitjar kommune må vedta ny gebyrforskrift for saker som vert handsama etter fylgjande lover:

Plan- og bygningslova
Matrikkellova
Eigarseksjonslova
Hamne- og farvasslova
Konsesjonslova
Jordlova
Veglova

Gebyrforskrifta for Fitjar er basert på prinsippet om sjølvkost etter vedtak i Fitjar kommunestyre.

Forskrifta vert revidert kvart år og skal kunngjerast på Lovdata. Gebyrforskrift for handsaming av saker etter forureiningslova vart tatt ut av forskrifta for 2024 og skal leggjast fram som eiga forskrift i eiga sak.

Fitjar kommune handsama gebyrforskrifta etter reglane om forskrifter for fyrste gong for forskrifta av 2024, slik dei gjeld etter forvaltningslova. Ved utforming og revidering av forskrifter skal saka leggjast ut på høyring i seks veker før vedtak og deretter publiserast på Lovdata. Gebyrforskrifta for 2025 vert difor no lagt fram som sak, der Utval for plan og miljø skal vedta å leggja saka på høyring. Etter at høyringsperioden er ute, vil saka leggjast fram for utvalet og kommunestyret for endeleg vedtak. Etter endeleg vedtak skal forskrift for 2025 kunngjerast som lokal forskrift på Lovdata (lovdata.no).

Vurdering:

Endringar frå forskrift 2024 til forskrift 2025 er merka med **raudt** i forskrifta, og gjennomgått under:

Generell prisauke:

Gebyrsatsane er auka jamt i samsvar med forventa kommunal deflator på 4,1% frå 2024 til 2025. Beløpa er avrunda til næraste 50 kr. Dette gjeld ikkje for saker der gebyret er fastsett i andre statlege forskrifter.

Veglova:

Gebyr etter veglova har ikkje vore med i tidlegare gebyrforskrifter for Fitjar. Det er i forskrift for 2025 innført gebyr for handsaming av søknadar etter veglova § 32 (leidningar i offentleg veg).

Tilbygg til driftsbygning:

Det er innført gebyr for tilbygg eller påbygg på driftsbygning på kr 7.300,- som tilsvarer halve gebyret av nybygg. Dette samsvarer med tilbygg bustad og fritidsbustad.

Mangelbrev:

Det er innført gebyr på mangelbrev for manglar eller feilaktige opplysningar i søknad. Første mangelbrev er inkludert i ordinært gebyr, det blir gebyr pr. mangelbrev frå brev nr 2 på kr 1800,-

Havbrukssaker:

§ 7.3 gebyr for uttale til konsesjonssaker etter akvakulturforskrifta er tatt ut av forskrifta då kommunen ikkje tek gebyr for desse sakene.

Framlegg til vedtak:

Lokal forskrift om gebyr i byggje-, plan-, seksjonerings-, matrikkel-, landbrukssaker og saker etter veglova vert lagt på høyring, jf forvaltningslova § 37.

Saksprotokoll i Formannskapet - 25.09.2024

Behandling:

Kommunedirektør Steinar Dalland orienterte om saka, og svara på spørsmål frå formannskapet.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Lokal forskrift om gebyr i byggje-, plan-, seksjonerings-, matrikkel-, landbrukssaker og saker etter veglova vert lagt på høyring, jf forvaltningslova § 37.

Steinar Dalland
kommunedirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.